



Kviteseid kommune



Informasjonshefte

**Brunkeberg oppvekstsenter
Barnehagen**

HEI ALLE SAMAN



Vi vil med dette ynskje små og store velkommen til eit nytt barnehage år, med nye opplevingar og utfordringar her ved Brunkeberg oppvekstsenter barnehagen.

Eit år vi håpar blir innhaldsrik og spennande for oss alle. Vi vil nå i starten på barnehageåret bruke tid på å bli kjent med kvarandre. Vi har nye barn, og barn som skal bytte avdeling. Vi har også nye vaksne, så det er litt nytt for alle.

Her kjem litt informasjon om personalet dette barnehageåret.

Anne Helen Berge er Assisterande einingsleiar i barnehagen tlf:35055360

På Blåbær: Tlf: 35055362/40900275

Ped.leiar: Camilla Gravdal	100%
Ped.leiar: Kristine Andresen	100%
Fagarbeider: Unni Snaunes	80%
Fagarbeider: Anne Marie Breidalen	80%
Assistent : Astrid Grave Aase	40%

På Tytebær: Tlf: 35055360/90637832

Ped.leiar: Anette Strømstad	100%
Ped.leiar: Erna Øygarden	100 %
Fagarbeider : Allen Halvorsen	100 %
Assistent : Marit Grave	100 %

Lærning: Malin Teigen 100% til over nyttår.

NYTTIG Å VITA

Personalet ser på den daglege kontakten med foreldra som ein viktig del av foreldresamarbeidet. Ei av personalet møter foreldre og barn i den ytterste garderoben.

Sei i frå til personalet dersom det er andre enn foreldra som hentar barnet i barnehagen.

Opningstida i barnehagen er frå 7.30 til 16.30.

Kjernetida i barnehagen er frå 9.30 til 14.00. Vi set pris på at de seier i frå om barnet ikkje kjem i barnehagen eller kjem seinare enn 9.30.

Av og til kan det vere naudsynt for personalet å koma i kontakt med foreldra når barnet er i barnehagen, gje derfor beskjed om de ikkje er å treffe på tlf. nr som er gjeve til barnehagen.

Smittefaren er stor i ein barnehage. Hald derfor barnet heime dersom det ikkje er i form og ikkje kan delta i vanlege aktivitetar ute og inne. Vi minner også om at augekatarr, diare og oppkast er svært smittsamt. Etter oppkast og diare er det viktig at barna blir heime i 48 timar etter sist oppkast og diare. Viktig å følgje med på reglar for korona.

Klede:

Støvlar og regntøy skal vere i barnehagen kvar dag, sjølv om det er fint om morgonen, kan det bli regn utpå dagen.

Det er viktig at det er fullt skift til barnet i barnehagen til ei kvar tid. Våte klede må de taka med heim for å tørke.

Det er foreldra sit ansvar å passe på at barna har tørre klede og sko i barnehagen.

Boksane skal vere til hjelp for dykk foreldre.

Barnet skal ha sandalar eller tøflar til å gå med inne.

Alle klede og sko må vere merkar.

Vi får i år 48 plassar i barnehagen. 24 plassar på Tytebær og 24 plassar på Blåbær.

Det blir laga månadsplanar på begge avdelingane som de som foreldre får i starten på kvar månad. I år blir det sendt ut på SMS.

Vi i barnehagen brukar å dokumentere mykje med bilde, som vi henger opp i garderoben og ute.



VIKTIGE DATOAR:

Forut kafe blir det ikkje i år , men vi skal ha prosjektet i barnehagen , og foreldre kan få gje ei støtte til Forut aksjonen ved å Vipps

Foreldresamtaler blir det i slutten av oktober . Meir info. om dette av ped.leiarane på avdelingane.

Jolefrokost for barn og foreldre blir nok ikkje noko av i år, men vi vil prøve å få til noko ute ein ettermiddag før jol, meir informasjon seinare.

Kviteseid kommune



Barnehagerute 2020- 2021

Brunkeberg oppvekstsenter

Fyrste dag i barnehagen: Måndag 17. august
Siste dag før jol : onsdag 23. desember
Fyrste dag etter jol: Tysdag 5. januar.



Barnehageåret sluttar ved start på nytt skuleår

Barnehagane er stengde i vekene 29

og 30 på sommaren, mellom jol og nyttår, i påskeveka og på fylgjande kurs- og planleggingsdagar:

Torsdag 13. august
Fredag 14. august
Fredag 6.November
Måndag . 4. januar
Fredag 14.mai